

Sak: 7/2016: Innspel til Kvinnsland-utvalet sitt arbeid
- Utgreiing av ny organisering av eigarskapet til spesialisthelsetenesta

Bakgrunn:

Regjeringa har sett ned eit utval som skal utgreia ny organisering av eigarskapet til spesialisthelsetenesta - Kvinnsland-utvalet. Utvalet skal m.a. utgreia alternative modellar for korleis staten kan organisera sitt eigarskap til og innrette eigarstyringa av føretak som tilbyr spesialisthelsetenester, og gje ei tilråding om val av modell. Eit utval av interessentar er invitert til å komma med innspel til utvalet sitt arbeid. Fristen for innspel er sett til 1. mars 2016.

Tord Moltumyr, kommuneoverlege i Meland har lagt denne saka fram for Helseutvalet og stilt spørsmål ved om kommunane bør vurdera å komma med felles innspel til Kvinnsland-utvalet sitt arbeid.

Helseutvalet si vurdering:

Helseutvalet er samd i at kommunane bør vurdera å gje innspel til dette arbeidet, og at dette er ei viktig politisk sak som bør løftast inn til politisk diskusjon. Helseutvalet ber om at Regionrådet drøftar saka og vurderer om det skal lagast ei felles uttale frå kommunane.

Forslag til vedtak:

Regionrådet vil utarbeide ein felles uttale på vegne av kommunane.

Det vert set ned ei mindre arbeidsgruppe som vurderer punkt i utvalet sitt oppdrag som kan få konsekvensar for regionen og for kommunane sine tenester. Gruppa kan knyta til seg naudsynt fagkompetanse ved behov

Rådet bør kanskje vurdera om ein slik felles uttale må til behandling/godkjenning i det enkelte kommunestyre?

Vedlagt i saka: